



# SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Hausten 2018

Hei alle saman!

Takk for sist til dei eg møtte på kortturen vår til m.a. Flåm og dei eg møtte på Albaniaturen, kjekke turar som de finn referat frå lenger ute i bladet  
Dessverre måtte vi avlysa lokalturen Stord hadde laga til. Det var for få påmelde – og buss vert dyrt dersom det skal delast ut på få personar. Nokre fekk ikkje Sunnhordlendingen med invitasjonen??  
Eg har ikkje opplevd feil i massesending frå Hotmail før. Eg tar det til etterretning og sender denne i mindre grupper. Nokre har tilbakemeldt at dei ikkje såg det i Sunnhordlendingen. Vedkomande trudde at det berre var ei side. Her er det viktig å merkja seg at Sunnhordlendingen vil ha same oppsett kvar gong: Ei lita helsing frå leiar i laget - den du les no - Invitasjon til lokal tur, julemøte e.l., eventuelle referat frå turar og på siste side styret, jubilarar, nye medlemmer samt opplysning om Grasrotdelen. Når vi no skal vera meir elektroniske er det viktig å sjå i den elektroniske postkassa si, om ikkje like ofte som i den fysiske kassa så i alle fall ein gong i veka. Sjølv er eg i tillegg til leiarrolla for postpensjonistane skrivar i Uskedal helselag. Eg sjekkar e-posten kvar dag når eg er heime - samstundes som eg les uskedalen.no for å fylgja med på kva som rører seg i bygda.

For dei som er på nett er det mykje å lesa på postpensjonistene.no. Ein finn dokument frå Postpensjonistene, referat frå Landstyret og arbeidsutval, rekneskap og mellom anna avtale med Toyota og Lexus om rabatt på ny bil og medlemsavtale med optikarkjeda Specavers. Dei som ikkje er på nett kan ta direkte kontakt med meg så vil eg skriva ut avtalane og senda dei.

Vi kan lika eller ikkje lika det, men nettet er kome for å bli. Eldste barnebarnet mitt er nett 30 år. Ho var 3 månadar fyrste gong vi oppdaterte skrankemaskinane på Husnes. Ho sat i babystolen på skranken sidan eg var barnevakt, eg passa skrankemaskinen og ei passa meldingane frå harddisken. Oppdateringa hadde vi motteke på ein stor diskett. Det var ein heila operasjon. No renn oppdateringane inn alt i eitt. Det er berre å sei at tida har endra seg mykje meir enn det vi trudde ville koma den gongen.

*Masse helsing frå Eli*



## **GODE MEDLEMER I LAGET VÅRT**

Vi i Styret har stor glede av å ynskja deg velkomen til

**ÅRETS JULEMØTE**

Julemøtet med god julemat vert i år – som i fjor

## **På Grand Hotel Stord onsdag 05.12.2018 kl. 14.30.**

Du må gjerne invitera med deg fylgje om du ynskjer det.

MENY: Tradisjonelt julebord med varme og kalde rettar, dessert og kaffi.  
Drikke til maten må ein syta for sjølv.

### **UNDERHALDNING:**

Stig Bohne frå Turop Norge AS vil orientera om Turopplegg i 2018.  
Halvard Wiik vert med oss og mimrar litt om «gamle dagar» og si tid i Posten.

Øyvind Alvsaker har med trekkspilet og spelar til julesongane.

Også i år sløyfer vi utlodning og tar litt høgare eigendel for medlemene.

PRISAR: Medlem kr. 395,00 p.p. Ikkje medlem kr. 595,00 p.p.

Påmelding ved betaling til konto **0531 43 00299** Postpensjonistane i Sunnhordland. Merk innbetalinga med namn.

Det vert høve til å betala kontant, men hugs då å melda deg på til møtet.

### **INNAN 20. NOVEMBER 2018**

**Vi ser fram til julemøtet og håpar å sjå mange av dykk der.** Det vart klaga over at det var kaldt i lokala i fjor. Det er lova at det skal bli betre i år.

### **Korttur 23.6 – 25.6.18 til Stalheim, Gudvangen, Flåm, og Eidfjord.**

42 glade pensjonistar og Stig Bohne tok imot oss på bussen då Hilda, syster til Ansgar og eg kom på i Uskedalen som dei siste i laget. Det var ein fin tur innover til Utne hotel. Øyvind Alvsaker gav oss fakta og gode historiar. På Utne hotel fekk vi lunsj. Vi fekk ei delikatesse - damkokt aure. Alle var ikkje like begeistra for den. Nokre av oss ville hatt den skikkeleg kokt eller steikt. Som dei andre hotella vi var innom er Utne av dei historiske, gamalt og erverdige. Vidare bar det til Voss der vi hadde toalett - og drikkestopp. Direktøren på Fleischer var gamal kjenning av Stig. Ho fortalde historia til hotellet. Den dama kunne snakka for seg! Overnattinga var på Stalheim hotel. Utsynet derifrå er berre heilt fantastisk flott. Dette hotellet var i si tid såkalla Lebensbornheim. Vi hadde ein svært flink sjåfør så turen ned Stalheimskleiva gjekk roleg og fint. Sist han køyrde der hadde han ein polsk buss framfor seg. Den fekk varmgong i bremsene. I Gudvangen gjekk vi ombord i den gamle ferja Lustrafjord av Florø og fekk ein nostalgisk og fin tur ut Nærøyfjorden og inn Aurlandsfjorden. Vi kunne sjå fjellgarden Stigen som mange sikkert kjenner frå Der ingen skulle tru at nokon kunne bu. I Flåm vart det tid til både handel og lunsj før vi gjekk på toget. Turen med Flåmsbanen var mektig. Toget hadde ein liten stopp slik at vi fekk sjå huldra. På Myrdal skifte vi tog og kom vel fram til Voss der bussen venta. Vi køyrde forbi Granvin, over den flotte Hardangerbrua og inn til Eidfjord der vi overnatta på Vøringfoss hotel. Neste morgon rakk nokre å handla litt før vi for til Kjeåsen. Vi fekk helsa på eigaren. Ho er framleis sprek i høve alderen. Utsynet derimot var eit skoddehav, men veret rår ikkje Stig med så vi måtte ta det slik det var. Siste lunsjen var på Ullensvang hotel. Der er eit nydeleg bassengområde som vi skulle hatt tid til å nytta. Vi Kvinnheringane hoppa av bussen i Odda og tok lokalbussen utover gjennom solfylte bygder. Slik

rakk vi tidleg heim frå ein flott tur.

Eli

### **Postpensjonistane frå Sunnhordland/Haugesund på tur til Albania 25.8 - 4.9.2018**

Turen starta 25.8 frå Haugesund lufthavn til Oslo Gardermoen. Der møtte me reiseleiar Stig Bohne, og nokre fleire turkamerater. Me var 37 turdeltakar pluss Stig.

Turen gjekk frå Oslo til Istanbul, vidare til Tirana (hovedstaden i Albania) Me hadde det fint på turen, drøsen gjekk lett medan me venta på flyplassane. Det var triveleg å møte postkollegaer, noken var det lenge sidan me hadde treft, andre ikkje fullt så lenge - dette var ein flott, positiv gjeng å reisa med! På flyplassen i Istanbul var det spesielt mykje interessant å sjå - eit knutepunkt for mange kulturar og påkledningar!

Vel framme på Tirana lufthavn rusla me over veien og sjekka inn på hotell for ei natt.

Neste dag stod bussen med ein hyggjeleg bussjåfør klar. Me kjørde til havnebyen Durres. Der rusla me etter Stig og såg på eit eldgammalt amfi dei heldt på å grava ut.

Etter å ha funne minibank for å henta ut albanske LEK - gjekk me utrusta med pengar på egenhånd før bussen tok oss vidare til Berat.

Gamlebyen i Berat (kalla "de tusen vinduers by") er på Unesco-lista. I kveldinga rusla me rundt i gamlebyen, gatene var så smale at me mest måtte gå sidelengs.....

Neste dag kjørte me opp på eit gammalt slott på høyden over gamlebyen - flott utsikt over ein flott by!! Etter to overnattingar i Berat var det tid for å setja kursen sørover.

Me kjørte mot kysten - fortsatte over eit fjellområde, ca 1000 m. høgde. Her stoppa me og kjøpte honningprodukt, no er me godt rusta når forkjølelensesesongen slår til!!

Etter bussjåførens anbefaling stoppa me ved ein restaurant på fjellet.

Her var dei ikkje så vant med "utabygds" folk, det var dårleg med menyar.

Dei laga tallerkenar med "demo-mat" så me kunne sjå maten før me bestilte - med sjåførens hjelp fekk me veta sånn nokolunde kva retten inneheldt. Maten smaka godt! Ein artig opplevelse!

Etter å ha svinga oss ned frå fjellet (var svingete vei, ja) kom me fram til Sarande seint på ettermiddagen. Me sjekka inn for fire netter på hotell i sentrum, heilt nede ved sjøen.

Sarande er ein ferieby med mange turister. Her fekk me god anledning til å nyta badestranda/basseng og utforska byen på egenhand.

Medan me budde i Sarande hadde me utflukter til Butrint (ein oldtidsby med mykje historie frå romertida), og til Syri Kalter. Der såg me på "The blue eye" (ei ca 50 m djup vannkilde der det strøyme ut ca. 18 liter i sekundet)

Området rundt var svært frodig med mange planter.

Me var også innoom badeområdet Ksamil der me spiste lunsj og noken av oss sjekka badevatnet.

Ein kveld besøkte me Lekursi castle på høgda ovenfor Sarande og nytte den vakre solnedgangen. Etterpå spiste me middag ute og vart underhaldt med vakker musikk.

Det var tid for å setja kursen nordover, me kjørte inn i landet, mot Tirana der me hadde dei tre siste overnattingane.

På veien var me innoom nok ein by på Unesco-lista: Gjirokaster - ein fin liten by som ligg i fjellsida. Denne byen har og ei borg på toppen - med flott utsikt. Det er trange gater med mange små butikker: mykje fint handarbeid tilsalgs. Herlig å sitja med forfriskningar i gatekanten, svært underhaldande å sjå på trafikken: her er det trangt....

Me ankom Tirana ettermiddag og sjekka inn for tre netter på et stort flott hotell midt i sentrum.

Neste dag tok bussen oss til Kruja, ein gammal fjellby nord for Tirana. Me var

ein tur oppom festninga her og for å nyta utsikten.  
Det var også god tid til å rusla rundt i basaren som strekte seg over fleire gater og der det vart seldt mykje fint handarbeid. Tilbake i Tirana gjekk me ein rundtur i sentrum der Stig peika ut interessante område som me hadde anledning å utforska på egenhand.

Siste dagen i Tirana hadde me "friday". Nokre av oss nytta tida til shopping og lang lunsj, andre fekk også tid til andre aktiviteter f.eks. å besøkje bunkersmuseet.

Tirsdag 4. september var det tid for heimreis, me starta med tidlig frokost og var på Helganes ca. kl.20.30,alt gjekk som bestilt!

Det var ein fint opplagt tur med god balanse i felles opplevelser og tid på egenhand. Reiseleiar Stig losa oss rolig og trygt gjennom hele reisa. All ros til reisekomiteen og Turop som arrangerte ei slik flott reise for oss!

Det var mykje interessant å sjå, fin bebyggelse, og en del uferdig.....

Det var vennlege folk overalt - me opplevde ikkje påtrengjande selgjarar.

Når me kjørte inni landet såg me mykje jordbruksland og gjetarar med kvar sin saue/geiteflokk.

Me hadde ein flink sjåfør, og artige opplevelser på svingete, smale veier der noken nekta å rygga,til stor underhaldning for oss i bussen!

MARIANN

### **Styret er samansett slik:**

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| Leiar Eli Roseth Eik             | Tlf. 95786228 Epost:elireik@hotmail.com             |
| Nestleiar/skrivar Berit Bergsvåg | Tlf. 90046897 Epost:berit.bergsvg@sklbb.no          |
| Kasserar Annlaug Bjelland Eide   | Tlf. 97924790 Epost: annlaug.eide.bjelland@sklbb.no |
| Styremedlem Odd Egil Solberg     | Tlf.90179428 Epost: odd.egil.solberg@sklbb.no       |
| Styremedlem Brit Sigrun Vad      | Tlf. 91152269 Epost: bjorn.yri@sklbb.no             |
| Varmedlem Alvhild Straume        | Tlf. 92454353 Epost: alvstral@hotmail.com           |
| Varmedlem Alvhild Tveit          | Tlf. 48131304 Epost: alvhild.tveit@sklbb.no         |

**Vi ynskjer jublantane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.**

#### **85 år**

Björg Eva Teige – 15.10

#### **80 år**

Anna Sofie Stokvik – 15.11

Ragnhild Utne Berg – 18.11

#### **70 år**

Borgny Sætrsten – 21.11

Ingunn Veivåg Krogsæther – 15.12

### **Vi minner om grasrotandelen.**

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322**.

Frå 01.01.18 steig grasrotandelen til 7.0% Så langt har vi 3 gjevarar. Vi håpar sjølvsagt på fleire.

